

Korleis kan ei bygning vera viktig?

Eg har lese i Vigga om handsaminga av den nye brannstasjonen på Lesjaskog, og eg meiner det er ufornuftig ikkje å gjere stasjonen klar med funksjonell andre-etasje og lager/garasje når det no endeleg skal byggjast. Det er ufornuftig ut frå eit økonomisk perspektiv. Alle veit at det å gjera noko seinare blir dyrare.

Det å ikkje gjera bygget komplett og funksjonelt no, er ufornuftig sett både i eit beredskapsperspektiv og i ljøs av rekruttering og motivasjon av både frivillige, tilsette og deltids-mannskap. Den menneskelege faktoren er viktigare enn eit bygg, men eit gjennomtenkt bygg kan gje positiv utvikling på mange måtar. La meg gje eit døme på det.

I denne samanhengen ser eg på brannstasjonssaka frå eit frivillig-perspektiv. Vi radioamatørar i Sambandstjenesten Innlandet, NRRL, er ein del av FORF-familien saman med mellom anna Røde Kors. På beredskapssenteret på Dombås har Dovre kommune tatt oss i mot med opne armar, og vi har fått lagringsplass for utstyr, tilgang på møterom og montering av fast infrastruktur for alternativt samband. Det har hatt nasjonale verknader med tanke på alternativt naudsamband.

Gjennom aktiviteten på beredskapssenteret har vi ikkje berre utvikla eigen organisasjon, men vi har fått eit samarbeid med Røde Kors. Vi har no årlege øvingar i lag. Dette har balla på seg. I vinter, pre-covid19, øvde vi med Norske redningshundar og Røde Kors på Hjerkin. Det er planar om at dette skal vokse og dra mange hit i lågsesongen på vinteren. Det gjev til dømes overnattings- og serveringskroner lokalt, og kan sjåast på som rein næringsutvikling. Dette er slikt som ikkje nødvendigvis kan stillast opp i eit Excel-ark, men er ein direkte konsekvens av det å ha eit møtepunkt. Kanskje kan vi litt høgtidleg seie at eit møtepunkt for oss frivillige har vorte eit knutepunkt? Eit godt bygg med gjennomtenkte løysingar avlar aktivitet som avlar ny aktivitet. Det er positivt, og egentlig heilt sjølvsgt. Kvifor kan vi ikkje vera ein stad som andre peiker på og seier: Sjå kva dei har fått til? Dei kan vi lære noko av.

No er det ikkje meininga at brannstasjonen på Lesjaskog skal vera eit nytt beredskapssenter. Poenget er berre at korleis bygget er utforma, har mykje å seie for det ein kanskje ikkje tenkjer på kvar dag. Ei ferdigstilling av andre-etasje på Lesjaskog brannstasjon som eit møterom med enkle møteromsfasilitetar og ein garasje/lager, vil garantert føre til positiv utvikling ved å bli ein møtestad både for blålysetatane, men også dei frivillige.

På same måte som på Dombås beredskapssenter vil ein godt utbygd brannstasjon på Lesjaskog kunne vera med på å auke interessa for og rekrutteringa til beredskapsarbeid av både offentleg og frivillig karakter. Eg ynskjer ei slik utvikling og aktivitet "nørst i bygda." Rekruttering er ein hovudsak for alle organisasjonane.

Ein tilrettelagt møteplass som eit slikt bygg kan bli gjev moglegheiter for å skape god aktivitet. Ein viktig aktivitet er gode øvingar som skjer heile året. Dei skal planleggjast, gjennomførast og evaluerast. Eit godt bygg gjev oss betre vilkår for det. Gode øvingar gjev trygt og kompetent personell og aukar motivasjonen i det daglege beredskapsarbeidet.

Nett samvirke mellom offentlege og frivillige organisasjonar utgjer norsk redningsteneste. Kommunane kan vera med å støtte dette arbeidet gjennom eit funksjonelt bygg, der ein har tenkt følgjande tanke: Det å kunne etablere eit KO på den nye brannstasjonen på Lesjaskog ved større hendingar og leiteaksjonar, vil vera ein stor fordel. Då kan ein ha eit strategisk KO som dekker eit stort område, men samstundes ha optimale og skjerma arbeidsforhold. Politiet har ikkje ressursar til slikt.

Tenk på kor mange som er på Bjorli i ymse feriar. Om vi skulle få ei større ulykke som krev at Lesja kommune må setje kriseleiing, kan delar av ei slik leiing med stab- og støttefunksjonar etablere seg på Lesjaskog. Eit slikt punkt kan også vera ein avtalt møtestad for innbyggjarar i eit stort område om ei større krise skulle skje. Ei bygning kan vera viktig på så mange måtar.

Beredskap er ein knapp ressurs når det skjer noko uventa, og difor må ein førebu seg i gode tider. Ein må tenkje langt fram og sjå føre seg fleksible løysingar. Gode bygg med gjennomtenkte fasilitetar kan i beste fall medverke til skilnaden på liv eller død, og det kan i kvardagen bety mykje for motivasjonen og rekrutteringa til blålysetatane og frivillige i redningstenesta. Sørg for å gjere brannstasjonen på Lesjaskog best mogleg!

Helsing Ola-Matti Mittigård, Sambandstjenesten Innlandet, NRRL.